# TAKK OG VELFAR TIL

Aslaug Kopperdal,frå

Sundagsskuleborni i Seim

på avskilsfesten for henne 3/1. 1963.

Du kjære Aslaug Kopperdal,
vår eigen missjonær :
Ei takk til Deg me bera skal
~~Ei takk og helsing fram me bær'~~
frå sundagsskulen her.

Du fekk eit kall,so rikt og stort
i frå vår kjære Gud.
lydde dit
Du lydig var,og reiste bort
til Kamerun i sud.

Der vart Du "mor" for mange små
forkomne heidningborn
som far og mor var skilde frå
og vanta klær og korn.

No dreg Du dit for andre gong,
som "mor" for kvite born.
Du høyrer Herrens klokkeklong
frå framandt kyrkjetårn.

Med kristenfolket rundt i kring
det er vår hjartetrong
å slå om Deg ein bønering
med denne vesle song :

" Gud signe Deg og vare Deg.
Og la Deg nåde få.
Hans åsyn lyse på din veg,
so Du i fred kan gå."

Skrive heime nyårsdag 1963

Vend

Eg hev valt ein verserytme som kan syngjast
til fleire kjende tonar. T.d. :
"Å tænk når engang samles skal."
"Du kommer,Jesus til meg inn."
"Hvor herligt klinger Jesu navn." Kanskje er der
fleire som eg ikkje kjem på i farten.
De får sjølve velja den De tykjer høver best.

Johs.